

Sju av åtte statlege organ bryt mållova

(NPK): Sju av åtte statsorgan bryt framleis mållova, men dei dårlegaste er blitt litt betre. Slik oppsummerer Språkrådet rapporten om målbruk i statstenesta for 2006. Rapporten omfattar 158 statsorgan under departementsnivå.

Gjennom mållova er sentrale statsorgan pålagt å sikre at informasjonen dei gir ut, har minst 25 prosent nynorsk. I papirtilfang er det små endringar frå året før, men den gjennomsnittlege nynorskprosenten har auka frå 22 til 27 i kortare tekstar.

36 av 158 statsorgan har over 25 prosent nynorsk i kortare tekstar. I lengre tekstar er det færre organ som oppfyller kravet.

Meir nynorsk på nettet

Nynorskprosenten er på veg oppover på nettstadene. Det er klart færre statsorgan som har svært låg nynorskprosent. Men talet på statsorgan som har over 25 prosent nynorsk, har ikkje auka, går det fram i ei pressemelding frå Språkrådet.

Staten strammar målgrepet

I ei stortingsmelding om mållova som vart lagt fram i fjor, varsla regjeringa auka innsats

for å fremje nynorsk målbruk i staten. Stortinget slutta seg til dette.

På bakgrunn av stortingsmeldinga fekk alle statsorgan eit rundskriv, der Kulturdepartementet understreka for statlege leiarar på alle nivå at reglane om målbruk skal etterlevast, og bad leiarane gje eit klart signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane skal følgjast til punkt og prikke.

Språkrådet har inntrykk av at rundskrivet blir teke alvorleg, heiter det i pressemeldinga.

Rådet strekar under at det først er ved målbruksrapporteringa for 2007 at ein vil sjå resultatata av dei tiltaka som no er sette i verk.

Eitt hovudtiltak er at statsorganana har fått pålegg frå Språkrådet om å utarbeide konkrete tiltaksplanar med klar ansvarsfordeling og klare tidsfristar.

Eit svært viktig tiltak er oppbygging av ei språkteneste for statsorgan som mellom anna skal vere eit verkemiddel i arbeidet for måljamstelling i staten. (©NPK)